



Arkivnr: 2014/20763-28

Saksbehandlar: Tale Halsør

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015
Samferdselsutvalet		11.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

Grønt skifte til fornybar tungtransport

Samandrag

Klimastiftinga ZERO inviterer offentlege og private aktørar til å skrive under på ei felles erklæring om å fremje fornybar tungtransport.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak erklæringa «Grønt skifte til fornybar tungtransport».
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen komme tilbake til korleis Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre sine forpliktelser.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.10.2015

Klimastiftinga ZERO inviterte 10.07.15 Hordaland fylkeskommune til å underskrive ei erklæring om fornybar tungtransport. Invitasjonen er sendt ut til eit breitt spekter offentlege og private aktørar i Noreg. Tungtransport sto i 2013 for om lag 130 800 tonn CO₂, eller 3 prosent av alle klimagassutslepp i Hordaland.

Fylkesrådmannen si vurdering

Hordaland fylkeskommune har i Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 vedteke mål og strategiar for å redusere klimagassutsleppa frå transport. Erklæringa vil kunne vere med å oppfylle følgjande strategi:

5.3 Strategiar for arealbruk og transport

D: Overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp

Fylkeskommunen har i dag ingen konkrete tiltak retta mot denne sektoren og erklæringa vil kunne vere med å setje fokus på dette arbeidet. Det har tidlegare vore ei prioritert oppgåve for fylkeskommunen som regional utviklingsaktør å leggje til rette for overgang til nullutslepps-bilar innanfor personbilsegmentet. Her har vi spelt ei viktig rolle for å byggje ut infrastruktur til lading av elbilar i heile fylket.